



Borgarting lagmannsrett - Dom - LB-2022-118666

Instans	Borgarting lagmannsrett – Dom
Dato	2023-03-27
Publisert	LB-2022-118666
Stikkord	Trygderett. Sjukepengar. Generelt arbeidsufør. Folketrygdloven § 8-4.
Sammendrag	Lagmannsretten kom til at vedtak i Trygderetten om stansing av sjukepengar var gyldig. Søkjar hadde vore sjukmeld i om lag eit halvt år. Det var då rett å stilla som vilkår for betaling av sjukepengar at han var generelt arbeidsufør, jf. folketrygdlova § 8-4 første ledd. Det var ikkje gjort truleg at han var ute av stand til å ta andre typar jobbar enn den han var sjukmeld frå. Det blei lagt vekt på tidsnære bevis, blant anna i form av journalnotat frå fastlege.
Saksgang	Trygderetten TRR-2020-3955 - Borgarting lagmannsrett LB-2022-118666 (22-118666FØR-BORG/03).
Parter	A mot Staten v/Arbeids og velferdsdirektoratet (advokat Hedda Rysst).
Forfatter	Lagdommar Halvard Leirvik, lagdommar Erik Bratterud og tilkalla Tingrettsdommar Bård Nordby.

Innholdsfortegnelse

Borgarting lagmannsrett - Dom - LB-2022-118666	1
Innholdsfortegnelse.....	2
Bakgrunnen for saka	3
Partane sine syn	3
Hovudtrekk i argumentasjonen til A.....	3
Hovudtrekk i argumentasjonen til staten v/Arbeids- og velferdsdirektoratet	4
Lagmannsretten sine merknader	5

Bakgrunnen for saka

Saka gjeld spørsmål om orskurd i Trygderetten er gyldig. Trygderetten stadfesta vedtak om å avslå krav om sjukepengar fordi søkjaren ikkje var generelt arbeidsufør, jf. folketryktdlova § 8-4 første ledd.

A fekk i 2015 fast stilling som maskinoperatør hos [verksemd] AS. Den 16. februar 2018 var det ein eksplosjon på arbeidsplassen. Han blei påført støyskade på venstre øyre. Han fekk nedsett høyrsel, smerter og øyresus (tinnitus). Den 25. februar 2018 blei han av NAV [stad] innvilga stønad til høyreapparat. NAV [stad] vedtok 7. juni 2018 å godkjenna skaden som ein yrkesskade.

A var sjukmeld frå arbeidet den første tida etter ulukka, men var tilbake i arbeid i løpet av våren 2018. Den 20. september 2018 blei han sjukmeld 100 % med diagnosen «H03 tinnitus». Han mottok sjukepengar frå NAV i perioden frå 20. september 2018 til 17. mars 2019. I sjukmeldingane for perioden frå 19. november 2018 til 20. januar 2019 og frå 25. februar 2019 til 17. mars 2019 førte fastlegen diagnosen «P02 psykisk ubalanse reaksjon» opp som bidiagnose. Fastlegen skreiv sjukmelding også for perioden frå 18. mars 2019 til 19. april 2019. Hovuddiagnose var då «Z05 Arbeid eksposisjon for støy», med bidiagnosane «H03 tinnitus» og «P02 psykisk ubalanse reaksjon».

NAV [stad] vedtok 22. mars 2019 å stansa sjukepengane med verknad frå 18. mars 2019. Det blei vist til at A ikkje var generelt arbeidsufør på grunn av sjukdom. Det blei vidare vist til at vurderinga skulle skje opp mot alle slags jobbar, og ikkje berre opp mot jobben som maskinoperatør hos [verksemd] AS.

A klaga på vedtaket til NAV Klageinstans Oslo og Akershus, som 14. oktober 2019 trefte vedtak der avslaget på sjukepengar blei stadfesta.

A anka til Trygderetten. NAV Klageinstans vurderte i den samanhengen vedtaket sitt på nytt, men fann ikkje grunnlag for endring. NAV Klageinstans sende 3. november 2020 ankesaka til Trygderetten.

Trygderetten sa 14. mars 2022 orskurd med slik slutning:

1. Vedtak truffet av NAV Klageinstans den 14. oktober 2019 stadfestes.
2. Sakskostnader tilkjennes ikke.

Ved stemming 13. september 2022 til Borgarting lagmannsrett tok A ut søksmål mot staten v/Arbeids- og velferdsdirektoratet.

Ankeforhandling blei halden 14. og 15. mars 2023 i Borgarting lagmannsrett sitt hus i Oslo. A førte si eiga sak, og han forklarte seg. Eitt vitne forklarte seg også. Nærare detaljar om bevisføringa går fram av rettsboka.

Partane sine syn

Hovudtrekk i argumentasjonen til A

Han blei arbeidsufør på grunn av skadar påført ved arbeidsulukka 16. februar 2018. Arbeidsgjevaren hadde plikt til å leggja til rette for at han etterpå fekk prøvd seg i arbeidsrelatert aktivitet, jf. arbeidsmiljølova § 4-6. Sjukepengar kan ikkje stansast dersom der det er manglande vilje hos arbeidsgjevaren som er problemet, jf. NAV sitt rundskriv R08-00. Dei to tilboda om alternativt arbeid som han mottok frå arbeidsgjevaren, kunne han ikkje godta. Dette fordi begge alternativa innebar risiko for at høyrselsskaden skulle bli verre. Han følgde dei råda som fastlegen gav. Arbeidsgjevaren hans har ikkje oppfylt plikta til tilrettelegging, og det var difor ikkje grunnlag for å stansa sjukepengane.

Dei skriftlege vurderingane som fastlegen gav i tidsrommet rundt mars 2019, var ikkje dekkjande for situasjonen. A fekk oppfølging av psykolog, og var dessutan til ein spesialist innan øyre/nase/hals. Det var mangelfull dialog mellom dei ulike aktørane i helsevesenet. Språkvanskar gjorde dessutan at helsepersonellet ikkje oppfatta kor alvorlege skadane var. Han hadde vanskar med å forklara seg. Symptoma på traumeliding

blei ikkje kartlagde. Han var sliten, hadde mykje angst, hadde problem med balansen og vanskar med å konsentrera seg.

I vedtaket til NAV står det at sjukepengane blei stansa fordi han ikkje fekk behandling for skaden, men det er ikkje noko vilkår for sjukepengar at arbeidstakaren mottar aktiv behandling.

Vedtaket om stans av sjukepengar er ugyldig på grunn av feil ved saksbehandlinga. Han mottok ikkje noko førehandsvarsel, i strid med forvaltningslova § 16. Han fekk ikkje høve til å uttala seg før vedtaket, noko han har krav på etter forvaltningslova § 17.

Det som har skjedd etter 22. mars 2019, underbyggjer at han på vedtakstidspunktet var arbeidsufør. I samband med søknad om arbeidsavklaringspengar gjennomførte NAV [stad] 24. september 2019 ei arbeidsevnevurdering. Det blei konkludert med at det ikkje var mogleg for han å koma tilbake til den gamle stillinga, eller til noka anna stilling i den same bransjen. Det blei vidare konkludert med at det var vanskeleg for å han å tiltre arbeid i det heile tatt.

Etter avslag på krav om sjukepengar forsøkte han 31. oktober 2019 å gå tilbake til stillinga. Dette fungerte dårleg. Han blei innvilga arbeidsavklaringspengar med verknad frå 20. desember 2019. Perioden med slik stønad blei lengd to gonger. Den 1. oktober 2022 blei han innvilga 100 prosent uføretrygd inntil vidare. Han har fått diagnosen posttraumatisk stresslidning (PTSD), som er ein følgjeskade av arbeidsulukka 16. februar 2018. Dette tilseier at han var arbeidsufør på grunn av sjukdom også i mars 2019.

Det er velkjent at tinnitus kan gje psykisk følgjeskade. Fastlegen omtalte i sjukemeldinga for mars 2019 at A sov dårleg og hadde det dårleg psykisk. Den psykiske tilstanden kravde behandling. Han har mottatt tverrfagleg, anerkjent behandling ved OUS Ullevål og [rehabiliteringssenter].

Han fekk på grunn av skaden også ein svulst i øyret. Han blei i juni 2021 operert for svulsten.

Det er lagt ned slik påstand:

1. Trygderettens kjennelse er ugyldig.
2. A tilkjennes saksomkostninger.

Hovudtrekk i argumentasjonen til staten v/Arbeids- og velferdsdirektoratet

Orskurden til Trygderetten er gyldig. Både bevisvurderinga og rettsbruken er korrekt.

Det er ikkje omstridd at A hadde så omfattande plager i mars 2019 at han ikkje kunne utføra den jobben som han hadde hos [verksemd] AS. Han kunne derimot utføra andre jobbar. A meinte den gongen sjølv at han kunne utføra arbeid også hos den arbeidsgjevaren som han hadde, så sant det blei lagt til rette for det. Men då han fekk tilbod om andre oppgåver, ynskte han likevel ikkje å ta imot desse fordi han oppfatta det som ei degradering. Han ynskte heller ikkje å søkja arbeid hos andre arbeidsgjevarar.

Det er ikkje tvilsamt at folketrygdlova § 8-4 første ledd stiller som vilkår for sjukepengar at søkjaren er generelt arbeidsufør. I eit kortare tidsrom, normalt inntil tolv veker, er det likevel praksis for at NAV vurderer om personen er yrkesufør berre opp mot den aktuelle stillinga. Skal det skje utbetaling av sjukepengar etter at det har gått tolv veker, blir det kravd omstende som viser at retur til arbeidet er mest truleg innan rimeleg tid. Det blir vist til NOU 1990:20 side 192.

A mottok sjukepengar i nesten sju månader. Etter dette var det ikkje forventa at han kunne koma tilbake til stillinga. Dette på grunn av høyrselsskaden. Arbeidsgjevaren hadde heller ikkje klart å finna alternative arbeidsoppgåver som A var villig til å utføra. Det var då rettsleg grunnlag for å stilla krav om at han var generelt arbeidsufør for å ha krav på sjukepengar.

Fastlegen uttalte i tidsrommet rundt mars 2019 at A var i stand til å ta anna arbeid. Det må leggjast størst vekt på denne typen tidsnære bevis. A har ikkje gjort truleg at han var generelt arbeidsufør på grunn av psykiske lidningar, eventuelt slike lidningar i kombinasjon med høyrselsskaden. Det er lite truleg at fastlegen ikkje kjende til vurderingane til det andre helsepersonalet som A oppsøkte.

At A mykje seinare fekk diagnosen PTSD, endrar ikkje vurderinga av kva som var situasjonen i mars 2019. Det er ikkje gjort truleg at han oppfylte diagnosen PTSD på vedtakstidspunktet. At ein oppfyller diagnosen PTSD, inneber uansett ikkje i seg sjølv at ein er arbeidsufør.

Vitneforklaringa til psykologspesialist Sissel Øverbø godtgjer ikkje at A var generelt arbeidsufør på vedtakstidspunktet. Ho forklarte at ho ikkje vurderte arbeidsevna hans. Dei diagnosane som ho stilte, tilseier heller ikkje at han var generelt arbeidsufør.

At arbeidsgjevar eventuelt svikta i å leggja til rette for alternativt arbeid, inneber ikkje at vilkåra for sjukepengar var oppfylte. Det er uansett ikkje gjort truleg at arbeidsgjevaren svikta. A fekk tilbod om ei stilling innan reinhald, og om å vera hjelpemann ved mekanisk verkstad.

Det ligg ikkje føre saksbehandlingsfeil ved vedtaka til NAV. Ein eventuell feil er uansett reparert ved at A fekk uttala seg før saka blei avgjort i Trygderetten.

Det er lagt ned slik påstand:

1. Staten v/Arbeids- og velferdsdirektoratet frifinnes.
2. Staten v/Arbeids- og velferdsdirektoratet tilkjennes sakskostnader.

Lagmannsretten sine merknader

Lagmannsretten har kome til at anken ikkje fører fram.

Etter trygderettslova § 26 tredje ledd kan domstolane prøva om ein orskurd i Trygderetten er lovleg. Domstolen kan ikkje gje dom for kva som er rett forvaltningsvedtak, men må nøya seg med å ta stilling til om avgjerda er gyldig eller ikkje. Omfanget av prøvingsretten er omtalt i Rt-2001-995. Domstolen kan på same måte som for andre avgjerder i forvaltninga fullt ut prøva rettsbruken, det faktiske grunnlaget for avgjerda og saksbehandlinga. Domstolen kan ikkje prøva det frie skjønnet, bortsett frå om det ligg føre misbruk av myndigheit. Saka til A gjeld ei avgjerd som fullt ut er lovbunden. Prøving av fritt skjønn er såleis ikkje tema.

Høgsterett har i fleire saker bygd på at domstolane bør vera atterhaldne med å prøva dei trygdefaglege vurderingane til Trygderetten, jf. blant anna Rt-2001-995 og Rt-2007-1815. Lagmannsretten meiner at saka til A ikkje reiser spørsmål som krev særskilt medisinsk kunnskap eller kunnskap innan attføring. Lagmannsretten meiner difor at det ikkje er grunn til å vera atterhalden i prøvinga.

Lagmannsretten meiner at det ikkje er feil ved rettsbruken til Trygderetten.

Folketrygdlova § 8-4 første ledd har slik ordlyd:

Sykepengar ytes til den som er arbeidsufør på grunn av en funksjonsnedsettelse som klart skyldes sykdom eller skade. Arbeidsuførhet som skyldes sosiale eller økonomiske problemer o.l., gir ikke rett til sykepengar.

Trygderetten har med rette bygd på at det ved vurderinga etter folketrygdlova § 8-4 første ledd ikkje spelar noka rolle at det er tale om ei funksjonsnedsetting som skuldast yrkesskade. Omgrepet «arbeidsufør» skal tolkast og nyttast på same måte, anten det er tale om yrkesskade eller ikkje.

Ordlyden i folketrygdlova § 8-4 første ledd tilseier isolert sett at den som søker om sjukepengar, må vera arbeidsufør vurdert opp mot eit kvart mogleg yrke. Omgrepet «arbeidsufør» er språkleg sett naturleg å oppfatta slik at søkjaren må vera ute av stand til å arbeida, uavhengig av kva type arbeid det er tale om.

I forarbeida til folketrygdlova § 8-4 første ledd går det fram at omgrepet «arbeidsufør» likevel ikkje skal tolkast så strengt i den første tida med sjukmelding, men at det etter eit tidsrom på tre månader som hovudregel skal krevjast at søkjaren er generelt arbeidsufør. Det står i NOU 1990:20 (Forenklet folketrygdlov) side 192:

Utvalget har drøftet hva en skal legge i begrepet arbeidsuførhet i sykepengekapitlet. Utvalget mener det er lite praktisk å operere med et vilkår om generell arbeidsuførhet som grunnlag for rett til sykepengar. Svært mange sykefravær er relativt kortvarige. I disse tilfellene vil det derfor ikke være aktuelt å vurdere om medlemmet kan ta annet arbeid. Utvalget er kommet til at en i de to-tre første månedene av sykefraværet bør ta utgangspunkt i en yrkesmessig vurdering, slik praksis er i dag. Det vil si at dersom vedkommende ikke kan utføre sin aktuelle jobb, skal han eller hun regnes som arbeidsufør i hvert fall i de to-tre første månedene.

Når det gjelder fravær som strekker seg over et lengre tidsrom enn tre måneder, bør det kreves generell arbeidsuførhet for fortsatt rett til sykepengar. Vi viser i denne sammenheng til den nye ordningen med

oppfølging av langtidssykmeldte, der det legges opp til at arbeidsuførheten etter åtte ukers sykmelding skal vurderes både i forhold til den tryggedes tidligere arbeid og i forhold til eventuelt annet arbeid. Utvalget foreslår ingen endring her.

I rundskriv R08-00 har NAV v/Arbeids- og velferdsetaten med utgangspunkt i sitatet fra NOU 1990:20 omtalt nærare kva moment som skal trekkjast inn i vurderinga. Det står i rundskrivet på side 9:

Ved vurderingen av for hvor langt tidsrom yrkesuførhet kan gi rett til sykepengar, må det tas hensyn til diagnosen, behandlingmuligheter, arbeidets art og muligheter for arbeidsrettede tiltak. Anslaget om to-tre måneder må derfor ikke tas for bokstavelig. NAV bør i hvert enkelt tilfelle foreta en skjønsmessig vurdering. Dette synspunktet er også lagt til grunn i Borgarting lagmannsretts dom av 19. mars 2019 (LB-2018-29837), hvor lagmannsretten kom til at Trygderetten og NAV ikke hadde foretatt en tilstrekkelig vurdering av om yrkesuførhet kunne godtas etter cirka syv måneders sykmelding, til tross for det klare utgangspunktet at det kreves generell arbeidsuførhet etter to-tre måneder.

Lagmannsretten peiker på at LB-2018-29837 gjeld eit tilfelle der prognosen for søkjaren var usikker. Søkjaren hadde klar utsikt til betring, og gode sjansar for å koma tilbake til stillinga si.

Lagmannsretten meiner at situasjonen for A på vedtakstidspunktet 22. mars 2019 klart skil seg frå det som var tilfellet til søkjaren i LB-2018-29837. A hadde vore sjukmeld samanhengande i seks månader. Det er semje om at det på vedtakstidspunktet var avklart at han ikkje kunne koma tilbake til stillinga som maskinoperatør. Dette på grunn av høyrslsskaden. Lagmannsretten legg vidare vekt på at det over tid hadde vore reell dialog mellom NAV og arbeidsgjevaren hans om tilrettelegging, inkludert spørsmålet om alternativ stilling, utan at arbeidsgjevaren og A hadde kome nærmare ei løysing. I denne situasjonen meiner lagmannsretten at det på vedtakstidspunktet med rette blei stilt som vilkår at A måtte vera generelt arbeidsufør for å ha krav på sjukepengar.

Det neste spørsmålet er om A på vedtakstidspunktet mest truleg *var* generelt arbeidsufør.

Det er dei faktiske omstenda 22. mars 2019, då vedtaket blei treft, som er avgjerande, men likevel slik at lagmannsretten kan leggja vekt på etterfølgjande bevis som kastar lys over omstenda på vedtakstidspunktet. Lagmannsretten viser i denne samanhengen til HR-2020-1193-A avsnitt 32 med vidare referanse til andre avgjerder frå Høgsterett.

Ved bevisvurderinga har tidsnære bevis, typisk i form av skiftlege vurderingar gjort på den aktuelle tida av fagkunnige personar, størst vekt. Lagmannsretten viser i denne samanhengen til HR-2018-2344-A avsnitt 39-42, med vidare referanse til Rt-1998-1565 (nakkesleng I).

Trygderetten har i orskurden «i det alt vesentlige» slutta seg til den grunngevinga som NAV Klageinstans gav i brev 3. november 2020, då ankesaka blei sendt til Trygderetten. NAV Klageinstans gjekk gjennom det skriftlege materialet frå tidsrommet fram til vedtak blei treft 22. mars 2019, og omtalte materialet slik:

I sykmelding for perioden 20. september til 4. oktober 2018 skriver fastlege at arbeidsplassen må tilstrebe at den ankende part får andre arbeidsoppgaver, og at NAV bør innkalle til møte med arbeidsgiver og arbeidstaker. I sykmelding for perioden 29. oktober til 18. november 2018 skriver fastlege at den ankende part ikke klarer å fortsette i den jobben han er i nå. Fastlege skriver at den ankende part er behandlet av ørenesehals-lege, planlagt time hos audiopedagog og at den ankende part trenger psykolog.

I sykmelding for perioden 19. november til 19. desember 2018 skriver fastlege at uttalelse fra spesialist er at den ankende part ikke lenger kan arbeide på et sted med støy. Fastlege skriver at NAV snarest mulig bør kalle inn til møte slik at unødvendig sykemelding unngås. I sykmelding for perioden 25. februar til 17. mars 2019 skriver fastlege at den ankende part har kroniske plager med tinnitus som gjør at han sover dårlig og har det dårlig psykisk. Fastlege skriver at den ankende part går til psykolog, audiopedagog og yoga, og at behandlingen har bedret arbeidsevnen i annet arbeid, men ikke i jobben hos [verksemd] AS. Fastlege skriver at det ikke er mulig å tilrettelegge på arbeidsplassen fordi de ikke har en jobb som er støyfri.

I dialogmøte av 17. januar 2019 med fastlege går det frem at fastlege er enig med NAV Arbeid og ytelser i at det kan være aktuelt at den ankende part sier opp jobben og sette i gang med friskmelding til arbeidsformidling eller dagpenger.

I dialogmøte av 18. februar 2019 med fastlege fremkommer det at fastlege er tydelig på at den ankende part må skifte jobbretning, det å få sykepengar fra NAV er å gjøre den ankende part en bjørnetjeneste, og at dette ikke er i hans interesse.

Lagmannsretten meiner at NAV Klageinstans her gav ei dekkjande oppsummering av dei skriftlege kjeldene frå den aktuelle perioden. Det kom ikkje fram noko under ankeforhandlinga som endrar det som går fram av oppsummeringa til NAV Klageinstans.

Lagmannsretten legg særleg vekt på at fastlegen utan atterhald fleire gonger gav uttrykk for at A kunne ta anna type arbeid. I sjukmelding datert 19. desember 2018 skriv fastlegen under punkt 6 «Utdypende opplysninger» at behandlinga av A ikkje har betra arbeidsevna i forhold til det arbeidet som han no har, men at han «kan ta annet arbeid». I dialogmelding 16. januar 2019 skriv fastlegen at «Han kan sykemeldes fra den jobben han er i, men ikke all annen jobb». I referat frå samtalemøte 18. februar 2019 mellom NAV, fastlegen og A står det at fastlegen sa seg einig i at A ikkje var arbeidsufør vurdert opp mot eitkvart mogleg yrke. Då fastlegen sjukmelde A for perioden frå 18. mars 2019 til 19. april 2019 var hovuddiagnosen «Z05 Arbeid eksposisjon for støy» i kodesystemet ICPC-2. Lagmannsretten legg til grunn at Z-kodane i dette diagnosesystemet generelt klassifiserer sosiale problem, som i seg sjølv ikkje gjev rett på sjukepengar, noko som også er omtalt i brev frå NAV Klageinstans 3. november 2020.

A har i lagmannsretten argumentert med at arbeidsgjevaren hans ikkje la til rette for alternativt arbeid, og at det difor ikkje var grunnlag for å stansa sjukepengane. Lagmannsretten meiner at det ikkje er gjort truleg at det var tale om slik svikt frå arbeidsgjevaren si side. Det går fram av saksdokumenta at arbeidsgjevaren hevda at det ikkje fanst relevant kontorarbeid å tilby. Det er ikkje ført bevis som tilseier at dette mest truleg ikkje stemmer. Utan at det er naudsynt for resultatet, peiker lagmannsretten på at sjølv om det *skulle* vera snakk om svikt i tilrettelegginga frå arbeidsgjevaren si side, endrar ikkje dette at det var rett av NAV å stilla krav om at A i mars 2019 måtte vera generelt arbeidsufør for å ha krav på sjukepengar, og at han reint faktisk ikkje var generelt arbeidsufør.

A har dessutan argumentert med at det var språkvanskar mellom han og helsepersonellet, og mangelfull dialog mellom ulike aktørar i helsevesenet, slik at fastlegen ikkje oppfatta kor alvorleg sjuk han var. Lagmannsretten meiner at heller ikkje dette er gjort truleg. Lagmannsretten meiner at den framstillinga som A gav i lagmannsretten, er i strid med tidsnære bevis, som tvert imot tilseier at han ved årsskiftet 2018/2019 vurderte at han kunne stå i arbeid, så sant han blei skjerma for støy. Lagmannsretten viser her til oppfølgingsplan frå arbeidsgjevar datert 8. oktober 2018 der A skriv at han kan arbeida på andre avdelingar hos arbeidsgjevaren enn på «smelteavdeling». Lagmannsretten viser også til referat frå dialogmøte 19. desember 2018, som må tolkast slik at A meinte at han kunne vera i jobb, så sant han blei skjerma frå støy.

Lagmannsretten meiner at heller ikkje etterfølgjande bevis, i form av journalnotat eller liknande frå tidsrommet etter 22. mars 2019, gjer det truleg at han var generelt arbeidsufør på vedtakstidspunktet. Det er lagt fram spesialistfråsegn datert 5. oktober 2022 frå psykolog Øivind Ekeberg som konkluderer med ein samla medisinsk invaliditet på 29 %, og ein medisinsk invaliditet på psykisk grunnlag på 25 %. Det står blant anna:

Han har fått betydelige psykiske problemer som følge av hørselsproblemene og har utviklet F 33.9 Uspesifikk tilbakevendende depresjon og F 43.1 Posttraumatisk stresslidelse.

Lagmannsretten legg til grunn at A *i dag* har redusert arbeidsevne på grunn av psykisk sjukdom som står i årsakssamanheng med arbeidsulukka 16. februar 2018. At situasjonen er slik i dag, er likevel noko anna enn at dette var tilfellet i mars 2019. Ut frå bevisa i saka meiner lagmannsretten at den psykiske sjukdomen mest truleg gradvis har blitt verre, og at A på vedtakstidspunktet 22. mars 2019 ikkje var generelt arbeidsufør på grunn av psykisk sjukdom, korkje på dette grunnlaget aleine eller i kombinasjon med annan sjukdom eller skade. Lagmannsretten legg vekt på vitneforklaringa til psykologspesialist Sissel Øverbø. Ho forklarte at A hadde første konsultasjon hos henne 23. november 2018, og at han hadde til saman tolv konsultasjonar fram til våren 2019. Ho stilte diagnosane «F32.1 moderat depressiv episode» og «F41.3 Andre blandede angstlidelser». Lagmannsretten meiner at korkje desse diagnosane eller omtalen hennar av symptomtrykket, slik ho oppfatta det den gongen, tilseier at A var generelt arbeidsufør på vedtakstidspunktet.

At den psykiske sjukdomen har blitt verre med tida, blir også underbygd av vurderingar frå Oslo universitetssjukehus ved psykologspesialist Marianne Bang Hansen. I poliklinisk notat frå 5. november 2021 går det fram at A «har et høyere symptomtrykk [og] nå, sammenlignet med da han ble utredet her første gang».

På bakgrunn av spesialistfråsegn 17. januar 2023 legg lagmannsretten til grunn at A blei utgreidd første gong i 2018 eller 2019.

A har i lagmannsretten trekt fram at han i juni 2021 blei operert for svulst i øyret, og at svulsten heng saman med skaden som han fekk ved arbeidsulukka. Lagmannsretten meiner at det ikkje er haldpunkt for at svulsten på vedtakstidspunktet reduserte arbeidsevna hans, og omtaler difor ikkje svulsten nærmare.

Konklusjonen til lagmannsretten er at A på vedtakstidspunktet mest truleg ikkje var generelt arbeidsufør.

A hevdar også at vedtaket til NAV 22. mars 2019 er ugyldig på grunn av saksbehandlingsfeil fordi han ikkje mottok førehandsvarsel, slik at han ikkje fekk høve til å uttala seg. Lagmannsretten viser til at spørsmålet for lagmannsretten er om orskurden i *Trygderetten* er gyldig. Ein eventuell saksbehandlingsfeil ved vedtaket til NAV 22. mars 2019 i form av manglande kontradiksjon er uansett reparert ved at A kom med argumentasjon og bevis før Trygderetten avgjorde saka.

Lagmannsretten meiner på dette grunnlaget at orskurden til Trygderetten er gyldig.

Staten v/Arbeids- og velferdsdirektoratet har vunne saka, og har etter tvistelova § 20-2 første og andre ledd krav på å få erstatta eigne sakskostnader for lagmannsretten. Lagmannsretten har vurdert om det er grunn til å fritta A heilt eller delvis frå kostnadsansvaret, men meiner at det ikkje er tungtvegande grunnar som gjer dette rimeleg, jf. tvistelova § 20-2 tredje ledd. Lagmannsretten har ikkje vore i tvil om resultatet. Dei omstenda som er omtalte i tvistelova § 20-2 tredje ledd bokstav c, er etter lagmannsretten sitt syn ikkje i seg sjølv nok til å fritta han frå kostnadsansvaret, jf. Rt-2012-209 avsnitt 17 og 18.

Staten v/Arbeids- og velferdsdirektoratet har lagt fram kostnadsoppgåve der det er kravd erstatta 110 842 kroner, som fullt ut gjeld salær, inkludert meirverdiavgift. Lagmannsretten meiner at det er tale om naudsynte kostnader, jf. tvistelova § 20-5 første ledd, og tilkjenner erstatning i samsvar med oppgåva.

Dommen er samrøystes.

DOMSSLUTNING

- 1. Staten v/Arbeids- og velferdsdirektoratet blir frifunnen.*
- 2. I sakskostnader for Borgarting lagmannsrett betaler A 110 842 – eitthundreogtitusenåttehundreogførtito – kroner til staten v/Arbeids- og velferdsdirektoratet innan to veker rekna frå tidspunktet for forkynning av denne dommen.*